



ALLTID BEREDT

REFERAT FRÅ DET 46. ÅRSMØTET I RYVARDEN KRETS

Laurdag 3. februar 2024 kl. 11:00 på Rødekorshuset i Skudeneshavn

Opning

Møtet starta med flaggutrulling.

Utdeling av heidersteikn

Følgande personar fekk tildelt Sølvknappen for 10 års teneste som leiar NSF:

- Harald Postmyr Aspelund (Åkra speidargruppe)

1 Konstituering

1. Øystein Østensen vart oppnemnd som ordstyrar.
2. Harald-Andreas Hansen og kretssekretær Hildegunn Larssen Fjelland vart oppnemnd som referantar.
3. Godkjenning av representantane: 48 representantar med stemmerett, tre observatørar.
4. Saksliste og innkalling vart godkjent.
5. Harald P. Aspelund og Kristoffer Spissøy vart oppnemnd til å underskrive referatet.
6. Tove Mldtskog og Jan Tore Stensland vart oppnemnd som teljekorps.

2 Årsmelding for 2023

Kretsleiar presenterte årsmeldinga for 2023.

Merknadar:

- Jakob Ares Løve Rud (Kopervik speidargruppe) deltok også på KL-KS våren 23.
- Ulv frå Åkra deltok også på Nm i speiding og kom på 104 plass.

Vedtak:

Årsmeldinga for 2023 vert samråystes godkjent med dei merknadane som kom fram i møtet.

3 Orienteringssaker

Hedleitun

Hyttevert Mikkel Thorkildsen orienterte om kva som er gjort på Hedleitun i 2023 og framdriftsplanen for 2024.

2023:

Det har vore mykje god aktivitet på Hedleitun. Grupper har leigd hytta og rovertur har vore arrangert der. Også har det vore gjort mykje godt dugnadsarbeid, men av få personar. Det har vore lite oppmøte på dugnadar og



ALLTID BEREDT

Ryvarden krets av NSF

Kretstingets årsmøte 2024

mykje arbeid for hyttevertane. Dette er kanskje fordi det har vore invitert til dugnad på relativt kort varsel.

Hyttevertane treng at fleire bidrar på dugnad.

I løpet av 2023 er dette gjort:

- Fått oversikt over tilstand på hytta og kva som bør gjerast.
- Jamleg vedlikehald, rydding, innkjøp o.l.
- Rydda kratt og skog. Drenert og planert bakken utanfor.
- Bytta peis og pipe.

Dei to sistnemnte har vore store jobbar som har forbetra hytta betrakteleg og auka verdien.

Framdriftsplan for 2024:

- Dugnadsdataar er ført inn i terminlista slik at fleire forhåpentlegvis set av helga.
- Hytta må malast.
- Rydde og så plen. Kjøpe grasklyppar.
- Det er behov for snikkar som kan legge plater og tette under hytta.
- Lektene under taket er råtnede og taket må bytast. Dette kan enten gjerast på dugnad eller betale for snikkar.
- Ordne ei betre toalettløysing. Her jobbar hyttevertane med ei god løysing på dette. Noverande løysing er ikkje god nok. Eit alternativ er å byggje eit sanitærbygg til toalett. Dette kan gjerast på dugnad dersom nok folk stiller.

Annan info frå hyttevertane:

- Hugs å rydde både inne og ute når ein brukar hytta. Også grillar og bålpanne.
- Hos Vigdar grunneigarlag er det mogleg å søkje om støtte. Kanskje til å kjøpe nye kanoar?
- Sim har også støtteordningar ein kan søkje på.
- Mikkel melder også om gode moglegheitar for fiske ved hytta.

Kommentar frå Audun Økland: *Det vart vedtatt at det skulle søkjast om Eventyrlig oppussing. Kva er status på dette?*

Harald-Andreas Hansen svarar: *Me manglar planteikningar for å kunne søkje, men jobbar med saken.*

Lier

På vegne av leiar i leirplasskomitéen Magnus presenterte Marius statusoppdatering og framdriftsplan på Lier.

- Framdriftsplanen for 2024 består hovudsakleg av vedlikehald og rydding på leirområdet. Å vaske og male trelavvoane står høgt opp på lista. Elles ynskjer leirplasskomitéen å vaske og olje plattingen utanfor hytta, sjekke alle brannslokkingssapparat og få rydda og laga eit godt system på loftet og i garasjen.
- Leirplasskomiteen ynskjer å få ein verditakst på dei verdiane kretsen har på Lier. Då me kjøpte Hedleitun fekk me ein verditakst på hytta som har vore brukt som grunnlag til å føre hytta og eigedommen inn i rekneskapen til kretsen. Per no har me ingen verditakst på bygningane me eig på Lier, og veit difor ikkje kva me sit på av verdiar. Verdiane på Lier ligg ikkje inne i rekneskapen, noko leirplasskomitéen/kretsstyret meinar er uryddig. Difor ynskjer me å utføre ein verditakst på Lier.



ALLTID BEREDT

Ryvarden krets av NSF

Kretstingets årsmøte 2024

-
- Det er ein ledig plass i leirplasskomiteen, dersom nokon ynskjer å bidra litt ekstra til leirlassen vår på Lier.

Diverse

Kretssekretær Hildegunn orienterte kretstinget om diverse info om arrangement, komitear o.l. frå kretsen.

Utval speiding

- Utval speiding har dei siste åra hatt få medlemmar. Det er stort sett Harald P. Aspelund og Ingeborg Stokkenes som har planlagt og gjennomført alle arrangement i regi av utval speiding. Den siste tida har dei fått god hjelp av Harald-Andreas Hansen. I haust trakk Ingeborg seg frå sitt verv i utval speiding, og Harald ynskjer også ein pause frå vervet.
- Utval speiding spelar ei stor rolle for aktiviteten i kretsen og det er tydeleg at me treng nokon som kan vere ei drivkraft for dette. Likevel betyr ikkje dette at eit par medlemmar skal ta ansvar for alle utval speiding sine arrangement både vår og haust. Å ha fleire meldmemar å spele på gir komiteen breiare erfaring og kompetanse, og moglegheit til å fordele ansvaret på ein hensiktsmessig måte.
- Ein treng ingen formell kunnskap eller erfaring for å vere med i utval speiding. Her kan alle som ynskjer å bidra vere med. Ein må vere leiartrenar for å kunne arrangere leiarkurs.
- Kretsstyret har ein pågåande dialog med Hordaland krins i forhold til eit samarbeid om å arrangere peff- og leiarkrus for kretsen.

Harald P. Aspelund kommenterer: *Me ynskjer også at rovarar er med i utval speiding. Det er gode moglegheitar for å ta kurs og utvikle seg. Ein kan engasjere seg nasjonalt og delta på arrangement i andre kretsar.*

Kommentar frå Audun Økland: *Me treng utvalg speiding for å halde aktivitet i kretsen. Me treng aktivitetar for rovarar slik at dei blir verande og ynskjer å halde fram. Utval speiding er veldig viktig.*

Kretskonkurranse

- Skal arrangerast 5.-7. april 2024
- Kretskonkuransen manglar teknisk arrangør, og no byrjar det å haste med å få dette på plass.
- Alle oppgåver er klare til konkurransen.
- Kretskonkurransekomiteen har ein del medlemmar i år, men tek gjerne i mot fleire dersom nokon ynskjer å bidra.

Festivalleir

- Skal arrangerast 31.mai-2.juni 2024 på Lier.
- Ein festivalleirkomitè har ansvar for gjennomføringa
- Kretsstyret vil ganske snart byrje arbeidet med å opprette denne komitéen.
- Marius, Magnus, Karl Andreas og Hildegunn satt i denne komitéen då forje festivalleir vart arrangert og kan melde om at dette var utruleg kjekt! Så dei oppfordrar alle til å vere med.

Kretsleir KFUK/KFUM «Heilt med»

- Me er invitert til å delta på Haugaland KM sin kretsleir til sommaren. Denne vert arrangert 20.-26. juli på Vats.
-



ALLTID BEREDT

Ryvarden krets av NSF

Kretstingets årsmøte 2024

- Deltakaraavgifta er 2500kr for vanleg deltagar, men dei oppfordrar leiarar til å informere om at det finst deltagar- og utstyrsfond ein kan søkje om stønad frå.
- På leiren kan ein reise som speidar, rover eller leiar, men det er også behov for stab og frivillige.
- Leiren har eit samarbeid med Roverway og skal arrangere «paths» under leiren.
- Meir informasjon om leiren vert sendt på mail til gruppeleiarar og lagt ut i kretsen si facebookgruppe for leiarar.

Samarbeid mellom Haugaland KM og Ryvarden

- Det siste året har kretsen hatt eit godt samarbeid med Haugaland KM i forbindelse med roveraktivitetar. Dette er veldig kjekt! Og me håpar dette held fram og kan bidra til auka roveraktivitet i kretsen.
- Det vart arrangert felles rovertur på Hedleitun i haust, som var veldig vellukka.
- I vinterferien skal det arrangerast felles vintertur.

Roverombod

- NSF ynskjer at det skal vere roverombod i alle kretsar for å forbetre roverarbeidet. Ryvarden krets har ikkje roverombod.
- Dette gir roverane moglegheit til å påverke kretsen sine val, mål, prioriteringar osv., og fremje deira interesser.
- Meir aktivitet -> fleire roverar -> meir aktivitet. Me ynskjer å halde på medlemmane og utvikle roverarbeidet.
- I forbindelse med KLKS skal det også arrangerast samling for alle roverombod i landet.
- Kretsen og NSF kan hjelpe med å opprette roverombod.

Vedtak:

Kretstinget tek statusoppdateringar, framdriftsplanar og diverse informasjon til orientering.

4 Rekneskap og revisjonsberetning for 2023

Visekretsleiar kommenterte rekneskapen og las opp revisjonsberetninga.

Øystein Østensen kommenterer: *Det er eit stort overskot frå kretsleiren. Han vil takka dei som gjennomførte kretsleiren for ein god innsats.*

Ein person har forlatt møtet og det er no 47 stemmeberettigede i møtet.

Vedtak:

Rekneskap for 2023 vert samrøystes godkjent. Overskotet vert overført til annan eigenkapital.

5 Innlegg av Katharina frå speidarstyret

Katharina frå speidarstyret informerte om diverse saker og arrangement.

- NM i speiding 2024 vert i Halden.



ALLTID BEREDT

Ryvarden krets av NSF

Kretstingets årsmøte 2024

- Har tilsett ein prosjektstilling som skal arbeide med NSF sine eigedommar. Eigedommane til NSF er Solstølen på Hardangervidda, seglbåten Havbrått og Tredalen – forbundets leirstad på Hvaler. Sistnemte skal oppgraderast.
- Det er gjort ein revisjon av draktreglement. Det kjem nytt skjerfmerke for leiarar. Elles små endringar og flyttingar av merker. Skal lage ein felles oversikt over merkeplassering.
- Roverway er ein europeisk jamboree for roverar med over 6000 deltagarar. Fyrste halvdel av leiren skal deltagarane fordelast utover i landet på ulike «paths». Her er det ca.50 deltagarar frå ulike land. Arrangementet treng fleire som kan arrangere ein path. Etterpå er det felles leir i Stavanger-området.
- Speidernes landsleir vert arrangert 5.-12- juli 2025 på Gjøvik. Dette vert ein felles leir med NSF og KFUK/KFUM. Du finn info på landsleir.no. Reknar med mellom 12-15 000 deltagarar.
- Digitalt ønsketre. Her kan ein legge inn innspel og ynskjer for landsleiren:
<https://www.landsleir.no/har-du-innspill>
- Roverstevnet vert arrangert 12.-14. april i Bergen. Påmelding kjem i min speiding.
- Det ligg ei oversikt over kommande arrangement på speiding.no

Katharina snakka om NSF sin strategi og Langtidsmål:

Langtidsmåla for 2015-2024 har vore:

- Speiding når flere
- Speidere vil ut
- Patruljen vil ut

I tillegg til langtidsmål er det ein visjon for 2024 og ein arbeidsplan for 2023-2024

No skal NSF legge ein ny strategisk plan, og ny visjon, nye hovudområde og nye langtidsmål.

Erfaringane frå forje strategi er:

- For lang tid
- For lite målbar og ikkje målt frå starten av
- Kanskje for mange langtidsmål

Konklusjon:

- Skal ha ny plan for 6 år
- Færre mål

No er dei kome til eit punkt i prosessen der dei skal hente inn innspel til hovudområde og langtidsmål.

Kretstinget fekk utdelt post-it lappar for å kome med innspel til ny stategi.

Avslutningsvis song me bursdagssong for Katharina og ho fekk ei saftflaske i gåve.

Vedtak:

- *Kretstinget tek informasjonen til orientering.*

6 Terminliste

Kretsleiar gjekk gjennom kretsstyret sitt forslag til revidert terminliste for våren 2024 og ny terminliste for hausten 2024 og våren 2025.



ALLTID BEREDT

Ryvarden krets av NSF

Kretstingets årsmøte 2024

Endringar i terminlista for våren 2024:

- Det er ført på datoar for rovertur (8.-10. mars) og NM i speiding (7.-9. juni).
- Det er ført på dugnad på Hedleitun 15.-17. mars

Terminliste for hausten 2024 og våren 2025

Feil årstal på friluftslivets uke. Dette må endrast til 2024

Vedtak:

- *Terminlista for våren 2024 vart samråystes vedtatt med dei endringane som vart lagt fram på møtet.*
- Forslag til terminliste for hausten 2024 og våren 2025 vert samråystes vedtatt.*

7 Budsjett

Visekretsleiar las opp kommentarar til budsjettet for 2024.

Kommentarar:

Audun Økland: Oppfordrar kretsstyret/hyttekomiteen til å søkje stønad frå ulike aktørar.

Forslag frå kretsstyret:

Kretsstyret føreslår å auke post 6600 «reparasjon og vedlikehold av bygninger» frå 155 000kr til 255 000kr. Dei føreslår også å opprette ein ny post for «tilskot til bygg og eigendalar», der me budsjetterer 100 000kr.

Forslaget vert samråystes vedtatt

Vedtak:

Forslag til budsjett for 2024 vert samråystes vedtatt med forslaget frå kretsstyret.

8 Val

Anne Merete S. Skogseide i valkomitéen presenterte valkomitéen sitt forslag til val.

Det manglar kandidatar til

- Valkomiteen: 1 pers
- Tre vararepresentantar til speidartinget
- To representantar og to vara til speidarforum
- To vararepresentantar til roverforum

Speidarforum:

- William C. Stautland (1.Leirvik speidargruppe) stiller til val som representant til speidarforum og Kasper J. Midtlid (1Leirvik speidargruppe) stiller til val som hans personelge vararepresentant.
- Lara Mocci (Førdespeidarane) stiller til val som representant til speidarforum og Oskar Monsen (1.Leirvik speidargruppe) stiller til val som hennar personelge vararepresentant.



ALLTID BEREDT

Ryvarden krets av NSF

Kretstingets årsmøte 2024

Roverforum:

Det er 11 roverar tilstades på kretstinget som har stemmerett når det skal veljast roverrepresentantar.

Den eine representanten og dens vara må vere under 20 år jf. NSF sine retningslinjer.

- Marcus Mannes (Åkra speidargruppe), Tiril Nævdal (1.Leirvik speidargruppe) og Karoline J. Midtlid (1.Leirvik speidargruppe) stiller til val som representant under 20 år til Roverforum.
 - *Marcus Mannes er valt med 6 av 11 stemmer. Tiril fekk 2 stemmer og Karoline fekk 3 stemmer.*
- Tiril Nævdal, Karoline J. Midtlid, Øyvind Gulliksen (1.Skudeneshavn sjøsp.gr.) og Jakob Ares Løve Rud (Kopervik speidargruppe) stiller til val som representant til roverforum.
 - *Øyvind er valt med 6 av 11 stemmer. Jakob fekk 1 stemme, Karoline 2 og 2 stemmer vart forkasta*
- Tiril Nævdal, Karoline J. Midtlid og Jakob Ares Løve Rud stiller til val som vararepresentantar til roverforum.
 - *Karoline og Tiril er valt som vararepresentantar med henholdsvis 9 og 7 stemmer. Jakob fekk 6 stemmer. (Alle har skrive to navn)*

Speidartinget:

- Andrea M. Mjønes, Marcus Mannes og Karl Petter Økland stiller til val som vararepresentant til speidartinget.

Valkomitèen:

- Magne Hovden stiller til val som medlem i valkomiteen.

Vedtak:

Forslag til val med dei endringane og benkeforsлага som vart lagt fram på møtet vart godkjent ved akklamasjon. Representantar til roverforum vart valt ved skriftleg avstemming.

Orientering om aktuelle saker:

- Jon Terje Bjørnerud orienterte om at han og nokre andre leiarar frå Åkra skal bemanne Solstølen i påsken. Han oppfordrar fleire til vere med eller kome innom på besøk. Det kjem påmelding frå NSF.
- Åkra speidargruppe stiller som teknisk arrangør for kretskonkurransen.
- Nye medlemmar i utval speiding: Tiril Nævdal, Karoline J. Midtlid, Andrea M. Mjønes og Harald-Andreas Hansen.
- Andrea M. Mjønes stiller i leiplasskomitèen.

Avslutning

Kretsleiar takka følgande for godt utført arbeid i samband med årsmøtet og året som har gått.

- Ordstyrar Øystein Østensen
- Teknisk arrangør 1.Skudneshavn sjøspeidargruppe
- Kasserar og rekneskapsførar Espen Fosse
- Revisor Nils Himle
- Medlemmar i kretsstyret:
 - Marius Johannessen
 - Anna Tveit



ALLTID BEREDT

Ryvarden krets av NSF

Kretstingets årsmøte 2024

- Magnus M. Aronsen
- Jakob Ares Løve Rud
- Andrea M. Mjønes
- Øyvind Gulliksen
- Harald-Andreas Hansen
- Kristian Eriksen
- Medlemmar i valkomiteen:
 - Karianne Jørgensen
 - Magne Hovden
 - Anne Merete S. Skogseide
- Medlemmar i kretskonkurransekomiteen og utval speiding:
 - Magnus M. Aronsen
 - Karl Petter Økland
 - Astrid Lie Midtskog
 - Mathilde M. Aronsen
 - Bertine O. Frimanslund
 - Hildegunn L. Fjelland
 - Ingeborg Stokkenes
 - Harald P. Aspelund
- Hyttevertar og Leirplasskomitèen
 - Mikkel Thorkildsen
 - Kristian Økland
 - Heidi Straumsøy
 - Magnus M. Aronsen
 - Anna Tveit

Møtet vart avslutta med innrulling av flagget og speidarbøn.

Øystein Østensen
Ordstyrer

Harald P. Aspelund
Valt representant til å signere referatet

Kristoffer Spissøy
Valt representant til å signere referatet




ALLTID BEREDT

Ryvarden krets av NSF

Kretsstingets årsmøte 2024

- Magnus M. Aronsen
- Jakob Ares Løve Rud
- Andrea M. Mjønes
- Øyvind Gulliksen
- Harald-Andreas Hansen
- Kristian Eriksen
- Medlemmar i valkomiteen:
 - Karianne Jærgensen
 - Magne Hovden
 - Anne Merete S. Skogseide
- Medlemmar i kretskonkurransekomiteen og utval speidning:
 - Magnus M. Aronsen
 - Karl Petter Økland
 - Astrid Lie Midtskog
 - Mathilde M. Aronsen
 - Bertine O. Frimanslund
 - Hildegunn L. Fjelland
 - Ingeborg Stokkenes
 - Harald P. Aspelund
- Hyttevertar og Leirplasskomitéen:
 - Mikkel Thorkildsen
 - Kristian Økland
 - Heidi Straumsøy
 - Magnus M. Aronsen
 - Anna Tveit


Møtet vart avslutta med innrulling av flagget og speidarban.


Øystein Østensen

Ørdtyrer
Ordfører


Harald P. Aspelund

Valt representant til å signere referatet


Kristoffer Spissøy

Valt representant til å signere referatet